



Adresseliste

Åfarhaugen - oppstart av frivillig skogvern gnr85 bnr1 og gnr86 bnr1 i Sunndal

Fylkesmannen melder i samsvar med naturmangfaldlova § 42, oppstart av eit arbeid med etablering av naturreservat. Området ligg på Åfarhaugen i Jordalsgrenda i Sunndal kommune.

Meldinga gjeld vern av skog på privat grunn og området inngår i ei ordning for friviljug vern. Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet og er såleis ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigarane på gnr 85 bnr 1 og gnr 86 bnr 1 i Sunndal. Det omfattar eit areal på ca. 620 daa. Endeleg arrondering av området er ikkje fastsett.

Gjennom denne meldinga er det ønskjeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av området, brukarinteresser, eventuelt også om til dømes kulturverdiar og anna som det kan vere aktuelt å vite om og ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er basert på undersøkingar gjort av firmaet Miljøfagleg Utredning og tidlegare utgreiingar.

Hovudformålet med vern er å sikre eit biologisk verdfullt skogsområde som ein del av naturarven. Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Området inneheld trua og sjeldan natur og det representerer fleire naturtypar med store verdiar knytt til gammal furuskog, dels også gammal lauvskog. Området er noko påverka av inngrep, men førekomsten av gamle tre og daudt trevirke er god. Det er registrert 11 raudlisteartar i området.

Dei naturfaglege dataa viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigaren og ALLSKOG melder fylkesmannen oppstart av ein verneplanprosess for området.

Vedlagt følgjer kart som viser områdetilbodet frå grunneigarane (./.). Det er basert på ei avgrensing laga av skogeigarsamvirket ALLSKOG som hjelper skogeigarane i slike saker.

Dette brevet med oversiktskart og fagrapport er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det.

Etter innspelsfasen, vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrifter og tilhøyrande vernekart. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader.

Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til fylkesmannen, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post fmmrpostmottak@fylkesmannen.no, alt. tlf. 71 25 84 43

Fristen for å kome med merknader/innspel til denne meldinga er 10.03.2017.

Dersom kommunen eller andre har behov for ei nærmare drøfting av saka før eit verneframlegg blir sendt på høyring, er det ønskeleg å bli kontakta om det så snart som mogleg.

Melding om å starte opp verneplanprosessen vert også kunngjort i Aura Avis og Tidens Krav.

Dette brevet vert sendt på e-post til dei vi har adresse på.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
Ass. miljøverndirektør

Ola Betten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Åfarhaugen - kart frivillig skogvern

Kopi:

Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM

Adresseliste:

Åge og Britt Strømsvåg	Einangvegen 11 E	6600	Sunnalsøra
Ole Strømsvåg	Einangvegen 11 E	6600	Sunnalsøra
Sunnal kommune			
NOF avd. Møre og Romsdal v/Olbjørn			
Kvernberg	Roaldset	6450	Hjelset
Møre og Romsdal Bondelag	Pb 2047	6401	Molde
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	Idrettsvegen 2	6413	Molde
Forum for Natur og Friluftsliv	Idrettsvegen 2	6413	Molde
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Skaret	6422	Molde
Naturvernforbundet i Møre og			
Romsdal	v/Øystein Folden	6630	Tingvoll
ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaards veg 13A	7047	Trondheim
Kommunenes sentralforbund	her		
Møre og Romsdal fylkeskommune	her		
Statens Vegvesen	her		